

Forskrift om skulerute 2026-2027, Klepp kommune

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Klepp 09.02.2026 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 14-1 andre ledd.

§ 1. Formål og verkeområde

Forskrifta gir informasjon om kva skule- og feriedagar elevane har skuleåret 2026-2027. Elevane har rett og plikt til å møte på dei dei fastsette dagane. Forskrifta gjeld alle elevar ved kommunale grunnskular i Klepp kommune skuleåret 2026 -2027

§ 2. Felles datoar

Det er fastsett i opplæringslova at opplæringa skal strekka seg over minst 38 skuleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker og elevane skal ha minimum 190 skuledagar. Dato for oppstart og avslutning av skuleåret, haustferie, vinterferie og påskeferie er felles for alle skulane og kan ikkje endrast på.

§3 Planleggingsdagar

Skulen skal ha seks planleggingsdagar per skuleår. Desse dagane er felles for alle skulane i Klepp og ligg på dagar utanfor dei 190 skuledagane til elevane.

Endringar kan gjerast ved den einskilde skule, dersom det ikkje medfører utgifter til ekstra skyss og at endringane er gjort i samråd med skulen sin rådsorgan og involverte barnehagar. Endringar skal godkjennast av skulesjef. Dato for planleggingsdagar for SFO kan ikkje endrast på.

§ 4. Skuleruta 2026-2027

Månad	Ferie/fri	Skuledagar
August	Onsdag 19.august er første skuledag for elevane.	9
September		22
Oktober	Hautferie veke 41 Måndag 5. - fredag 9.oktober	17
November	Fri for elevane fredag 13.november	20
Desember	Tysdag 22.desember er siste skuledag før jul	16
Januar	Fri for elevane måndag 4.januar Tysdag 5. januar er første skuledag etter jul.	19
Februar	Vinterferie veke 7 Måndag 15. - fredag 19.februar	15

Månad	Ferie/fri	Skuledagar
Mars	Påskeferie veke 12/13 Frå måndag 22.mars til og med tysdag 30.mars Onsdag 31.mars er første skuledag etter påske.	16
April		22
Mai	Torsdag 6.mai: Kristi himmelfartsdag Fri for elevane fredag 7.mai Måndag 17.mai: Grunnlovsdag/ 2.pinsedag	18
Juni	Tysdag 22. juni er siste skuledag for elevane	16
Sum skuledagar		190

Planleggingsdagar skule	Planleggingsdagar barnehage	Planleggingsdagar SFO
Måndag 17. og tysdag 18.august	Måndag 17.og tysdag 18. august	Måndag 3. og måndag 17.august
Fredag 13.november	Fredag 13.november	Fredag 13.november
Måndag 4.januar	Måndag 4.januar	Måndag 4.januar
Tysdag 30.mars	-----	-----
Fredag 7.mai	Fredag 7.mai	Fredag 7.mai

§ 5. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft frå 1.august 2026 og blir oppheva 31.juli 2027.